

Kontakt:

Tormod Fossheim
Seglemsvegen 96
5472 Seimsfoss

Tlf: 41633570

epost: tormodfossheim@gmail.com

Seimsfoss 11.06.2018

SØKNAD OM LØYVE TIL TRAKTORVEG KLASSE 8 PÅ 92/5 OG 92/2.

I øvre del av eigedommen 92/5, eigar Tormod Fossheim, er det eit ca 5,5da stort granfelt som vart planta ein gong på 50-talet.

Den nedre delen av plantefeltet ligg tett opp til Haugaland Kraft si 66kv-line. I vinter har det vore fleire tilfelle der grantre har velta i sterk vind, og kome i konflikt med lina.

Haugaland kraft har difor felt dei nedre grantrea tidlegare i vår. Trea er kvista, men ligg elles som dei vart felte og er til grunneigar sin disposisjon.

Hans Einar Guddal, eigar av 92/2, er interessert i å ta ut dei felte trea og levera til sagbruk. For at dette skal verta rekningsvarande, lyt han også ta ut resten av feltet. Her har vinden herja stygt, og mykje er øydelagt.

For å ta ut virket, er det naudsynt å byggja ca 150m traktorveg på 92/5 slik vedlgte situasjonsplan viser. Vegen tek utgangspunkt i eksisterande traktorveg på 92/2 og vert bygd av stedlige massar, mest mogeleg utan sprenging. Eit bekkefar lyt leggjast i røyr. Breidda på vegen vert min 2,5m. Vidare lyt svingen i nord på eksisterande traktorveg på 92/2 utvidast. Her vert det naudsynt med noko sprenging.

Det er ikkje registrert fornminne i området, og det er også lite potensiale for funn. Sidan dette er kulturskog, er opprinnele biologisk mangfald skipla. Etter at skogen er teken ut, vil område verta nytta til beite.

Inngrepa i landskapet av den nye traktorvegen vert små, og «såra» vil gro igjen samstundes med at området som tidlegare var plantefelt vert beitemark.

Utviding av svingen i nord på eksisterande traktorveg vil medføra noko høgare skjæring, men fjernverknaden av denne vil også verta dempa med igjengroing.

På grunn av 66kv-lina, kan taubane ikkje nyttast. Tiltaka som er skildra ovanfor er difor naudsynte for å kunna nytta skogen.

Vi vonar at uttak av skogen skal gje økonomisk vinst, men i tillegg meiner vi at det også er av stor samfunnsnytte å hausta tidlegare investeringar der det offentlege har vore bidragsytarar.

Vi søker med dette om løyve.



Hans Einar Guddal
eigar av 92/2



Tormod Fossheim
eigar av 92/5

Vedlegg

Oversiktskart
Situasjonsplan